

# PRESSEMELDING OM KORONASITUASJONEN

Volda kommune 20.04.20



Volda  
kommune

## PRESSEMELDING 20.04.20

**Smittestatus i Volda.** Til no er det testa 276 personar. Volda kommune har ikkje fått tilbake fleire positive prøvesvar. På fredag 17. april vart det tatt 12 nye prøver, ingen av desse var positive. Dei som tidlegare har teste positivt er no friskmeldt etter Folkehelseinstituttet sine retningslinjer.

**Gradvis opning av barnehagar.** Austefjord barnehage opna i dag, resten av barnehagane opnar i morgon. Det er viktig at alle følgjer smittevernråda som er gitt. Foreldre og føresette må følgje retningslinene dei har fått med sin barnehage.

**Gradvis opning av skular.** Frå 27. april vert 1.-4. trinn opna i grunnskulen og skulefritidsordninga. Regjeringa kjem med nasjonal rettleiar i samband med opninga, denne er venta i dag. Tilsette i sektor oppvekst har starta arbeidet med å klargjere for opning. Rutinane vil bli tilpassa og tilrettelagt slik at dei vert i tråd med den nasjonale rettleiaren. Det skal vere trygt å sende barna på skule, og det skal vere trygt for dei tilsette å gå på arbeid.

**Lokal informasjonstelefon om korona.** Har du spørsmål om du sjølv eller barna dine kan gå på barnehage eller skule grunna kroniske sjukdomar, kan du ringe informasjonstelefonen som er betjent av helsepersonell. Tlf nr: **970 11 773** - Open 11.00-13.00 kvardagar.

**Alle må gjere ein innsats for å hinder smittespreiing.** Det er framleis viktig at alle held fram å følgje tiltaka for å hindre smittespreiing. Talet på smitta og sjuke i Noreg vil vere avhengig om innbyggjarane etterlever råda som vert gitt. Det er viktig å tenke på at krisesituasjonen er mellombels, og at vi skal attende til normal situasjon.

**Idrettshallar vert delvis opna.** Kommunale idrettshallar vert delvis opna. Toalett og garderobar vert ikkje opna. Det er krav om maks 5 i grupper som trenar saman, og ein må følgje nasjonale retningslinjer. Kwart idrettslag som vil nytte hallane må ha ein kontaktperson som ser til at smitteverntiltaka vert fylgt. Det vil bli sett inn ekstra reinhald.

**Hytteforbodet er oppheva.** Hytteforbodet gjekk ut 20. april. Volda kommune har ikkje gjort lokalt vedtak som gjeld hytter eller campingplassar. Smittevernreglane og dei nasjonale retningslinene må følgjast opp frå den som driv campingplassar.

**Hjelp til å gjere innkjøp.** Personar med luftvegssymptom skal ikkje gå i butikken eller på apoteket. Du som er sjuk eller i risikogruppa kan kontakte frivilligsentralane for å få hjelp. Frivilligsentralen i Volda: 917 25 639 Hornindal Frivilligsentral: 415 12 813

**Hjelpetelefon for psykisk helse eller rus.** Har du tankar eller uro i forhold til di psykiske helse eller rus? Ring oss om du har behov for å prate! Rus og psykisk helseteneste, telefon: 915 98 370. Telefontid: kvardagar kl. 10.00–14.00.

**Ynskjer du ein telefonvenn?** Volda Røde kors har lang erfaring med besøksvenn, og tilbyr no telefonvenner. Lokal kontaktperson er Sigrid Bjerkvik. Tlf.47637455.

**Treng du ein turvenn?** Å spasere seg ein tur er bra både for kropp og sinn, og har ein nokon å dele turen med kan det også verte ein god prat. Med rett avstand til turvennen er det trygt for smitte. Ynskjer du nokon å gå tur i lag med? Kontakt Frivilligsentralen på tlf, 917 25 639, vi har kontakt med frivillige som vil vere turvenner.

**Legesenteret på Øyra skule.** Kommuneoverlegen har saman med eigedomsavdelinga og skuleleiinga vore på synfaring og funne at det ikkje er naudsynt å flytte dette legesenteret. Dette lokalet som er teke i bruk som legesenteret er heilt separat frå undervisningsbygget og med eige ventilasjonssystem. Det er ikkje fare for smitteoverføring. Eigedomsavdelinga har gjort tiltak for å sikre uteområdet og det vert sett opp sperringar i området rundt inngangspartiet til legesenteret.

## Øyra legesenter - trafikkregulering og parkering

